

Noteoversikt rekneskap 2018 – Samnanger kommune

Note nr. 19 Interkommunalt samarbeid

Samnanger kommune har i 2018 hatt samarbeid med Fusa, Tysnes og Os vedr. veterinærteneste, og kommunen har felles landbrukskontor – Bjørnefjorden landbrukskontor - med Os, Fusa og Tysnes. Det er frå sommaren 2016 inngått avtale med Bergen kommune om barnevernteneste. BIR renovasjon har avtale med Samnanger kommune om renovasjon i kommunen, dette gjeld og innkrevjing av renovasjonsgebyr. Samnanger kommune er med i innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Samnanger har vore eigar i Business Region Bergen (BRB). Etter initiativ frå Bergen kommune vart BRB avvikla i 2016. Delar av verksemda - etableraropplæring og Invest in Bergen - er vidareført i Hordaland fylkeskommune. Frå 2009 samarbeider kommunen med Os kommune om legevakt. Samnanger har felles brannsjef med Bergen brannvesen som og har ansvaret for feiing og tilsyn frå 2016. Kommunen er og medlem i Bergen og omland friluftsråd som forvaltar nokre av dei offentlege friområda. Samnanger kommune har eit felles prosjekt med Os og Fusa om kols- og diabetestjenester. Kommunen har i 2014 inngått avtale om skatteoppkrevjartenester med Kvam Herad. Sekretærtjeneste for kontrollutvalet kjøper kommunen hos fylkeskasseraren i Hordaland. I tillegg kjøper kommunen tenester og lagringsplass frå interkommunalt arkiv (IKAH), er med i Midthordland kompetanseregion og kjøper sal- og skjenkekontroll frå Kvam herad. Kommunen er og med i DIHVA (Driftsassistanse i Hordaland VA). Samarbeidet kommunen hadde med Vaksdal kommune om PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) vart avvikla våren 2018 då kommunen tilsette i 100 % stilling.